

Referat møte 30.1.2017

Desse møtte: Kristin Tredal, Elin Gaulen, Monica T Waage, Kristine Lunde, Bodil Kaland og Vidar Gjerstad.

Tid: Kl 17.30-19.30. Stad: Kantina på skulen.

Godkjenning av saksliste og referat frå sist møte. OK, ingen kommentarar.

1/17: Oppsummering av julefesten og mammakvelden.

Julefest: Vi må ha to kakestasjoner til neste gong, kanskje ein kan være i gangen. Nærmere 3000 i overskudd. Neste gong må utvasken være betre, me må ut med god info/opplæring til ryddegjengen om dette :)

Mammakvelden: Koselig kveld og gode tilbakemeldingar. Litt frafall, så ca 200,- i minus. Prøver til hausten igjen for å sjå om fleire får tid å være med då.

2/17: Oppdatering om kantine-prosjektet.

Vidar informerte om at me har ute ein til prisforespurnad på lydplatene. Når den kjem og Montessoristyret gjer oss grønt lys for innkjøp, organiserar Vidar i samarbeid med Trygve og Bernt Arne ein dugnad når utstyret er komt.

3/17: Planlegge karneval 22.februar.

Todelt arrangement. Eit for 1.-3 trinn klokka 17-18:30 og eit for 4.-7. trinn frå klokka 19-20:30.

Me oppmodar i invitasjonen, at man kan lage egne kostymer. (Kristine lagar invitasjonen, ho snakkar med Charlotte om div. premiering eller ikkje?)

Skulen pyntar, teiknar tegningar og lagar 2 pinjatarar i forkant.

Klasserep. + vara styrer arrangemanget. Dei ber foreldre i trinna sine å lage 30 Pizzaboller og 30 muffins eller liknande frå kvart trinn.

1.-3. trinn lagar til cafe i kantina. 4.-7. trinn ryddar og vaskar.

Elin skaffar Pinjatasnop og ballongar.

Bodil og Eli sletten for dei minste, Kristine og Charlotte for dei eldste lagar og styrar leikane/aktivitetane.

4/17: Temakveld for foreldre 23.mars.

Foredragshaldar frå Barnevakten er bestilt. Det kjem ei dama og held foredrag om tema «Smart på nett og mobil». Vi samarbeidet med Myking skule og evt. Kløvheim. Det blir i gymsalen på Myking skule, frå kl 19-21 torsdag 23.mars.

5/17: Foreldrestyrt dag onsdag 5.april

Me går for sykkeldag: Vidar begynner og sjå på dette. Må ut med spørsmål til foreldre om kven som kan stille på ein slik dag. (sykkelknapp/løyper/mekking/pimping/vasking/)

Kristine høyrer med politiet/trygg trafikk

Kristin høyrer med Saniteten om mat og andre aktivitetar dei kan styre.

6/17: Økonomi – sal av toalettpapir og tørkerull.

Elin og Kristin informerer om korleis dugnaden går.

Den går veldig bra :) !!! Ser ut som at det blir nærmare 45-50 000,- i pluss. I tillegg fekk me nærare 44 gratis shampoo (i bonus) som vi kan selje ut for 150 kr stykk (anbefalt utsalpris er 190,-). Fortsatt litt utfordring med henting og betaling av noko papir. Me gjer ferdig papir salet før vi sel shampooen. Med desse midlane kan me no henvende oss til elvrådet og spørje kva leikar dei ønskjer seg :) Monica kjem med tilbakemelding frå dei. Etter kjøp så vil FAU ha ein litt høgtidlig overlevering.

7/17: Årshjul for FAU – Skodvin Montessoriskule.

Kristine lagar eit forslag.

8/17 Anna

- a. Parkering? Tar denne vekk som FAU sak.
- b. Uttale om bursdagsfeiring. Me har skreve om dette i forrige referat, men i tillegg ligg me ei uttale inn i fellessida på facebook, sjå underpunkt c.
- c. Kristine foreslår å lage ei felles Facebook side for Info frå FAU Skodvin Montessoriskule. Dette vil gjere alt mykje lettare når det gjeld spredning av informasjon og evt. spørsmål/svar. Resten av styret er enig :) Ho lagar.

Hundvin 01.02.2017

Vidar Gjerstad